

HERØY
kommune



Herøyskulen 2021

Kvalitetsmelding for grunnskulen



EI BÅTLENGD FØRE

Om kvalitetsmeldinga for grunnskulen 2021.

Kommunane skal ha et forsvarleg system for å følgje opp resultat frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4 i opplæringslova.

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa knytt til læringsresultat, læringsmiljø og fråfall. Den årlege rapporten skal handsamast av kommunestyret. I Herøy vil vi frå 2021 kalle denne rapporten «Kvalitetsmelding for grunnskulen».

Den 12.mars 2020 vart alle skulane i landet stengt ned på grunn av koronapandemien. Frå skulane byrja å opne igjen i mai 2020 og ut 2021, har elevar og tilsette ved skulene vore underlagt til dels strenge smittevernrestriksjonar, og stadige endringar av «trafikklys» og reglar.

Smittevernreglane har i mange tilfelle ført med seg store endringar for elevar og tilsette både når det gjeld organisering av opplæringa, val av arbeidsmåtar, høve til samhandling og sosiale relasjonar. Alle skulane i kommunen har opplevd smitte både blant elevar og tilsette, med påfølgjande karantene. Skulane har med sine dyktige leiarar og lærarar klart å unngå digital heimeundervisning i 2021.

På grunn av pandemien vart alle eksamenar for avgangselevane avlyst både i 2020 og våren 2021. Grunnskulepoenga dei to siste skuleåra er difor berre basert på elevane sine standpunktarakterar. Til vanleg inngår også eksamenskarakterane i grunnskulepoenga.

Pandemien har også hatt følgjer for arbeidet i administrasjonen. Staben i sektor kultur og oppvekst har gjennom heile perioden vore tett på skular og barnehagar med råd og rettleiing, tolking av sentrale og lokale forskrifter, utarbeiding av rutinar og prosedyrar. Kommunalsjef for kultur og oppvekst har delteke i kommunen sitt beredskaps- og kriseteam.

Trass utfordringar pandemien har utsett skuleleiarar og lærarar for, så har vi makta å gjennomføre utviklingsarbeidet vårt i lesing. Eit satsingsområde vi har i samarbeid med kommunane Sande og Ulstein, høgskulen i Volda og Lesesenteret i Stavanger. Med digital støtte frå høgskulen og arbeid i nettverk på kvar enkelt skule, har samlingane vore nyttig og lærerik kompetanseheving for lærarane. I november 2021 kunne vi endeleg samle alle lærarane i herøyskulen til samarbeid under same tak.

Denne meldinga vil i hovudsak dreie seg om felles satsingsområde i lesing, resultat frå nasjonale prøver i lesing på 5., 8. og 9. trinn, deler av elevundersøkinga på 7. og 10. trinn som handlar om motivasjon og meistring, læringsmiljø, læringsresultat, grunnskulepoeng og gjennomføring.

Administrasjonen fyl kvart år opp skulane sine analysar av all kartlegging, resultat på nasjonale prøver, elevundersøkinga og anna relevant opplysning om læringsresultat, gjennom rapporten for skulebasert vurdering som kvar skule leverer i mars. Denne er med på å danne grunnlaget for kva skulane skal sette ekstra fokus på vidare og med utviklingsarbeid påfølgjande år.

Dei viktigaste drøftingane og refleksjonane skjer likevel på den enkelte skule gjennom dei prosessane rektorane legg til rette for i eige personale, og saman med elevane og deira føresette. I kvalitetsutviklinga i herøyskulen er lokal kompetanseutvikling og lærande profesjonsfellesskap berande prinsipp som skal gjennomsyre skulane sin praksis. Skulen skal vere eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar og vurderer og utviklar sin praksis kontinuerleg.

Innholdsliste

Om kvalitetsmeldinga	2
1. Elevar og lærarar	4
1.1. <i>elevar</i>	4
1.2. <i>lærarar</i>	4
2. Utviklingsområde	6
2.1. <i>nasjonale mål</i>	6
2.2. <i>lokale mål</i>	6
2.3. <i>lesing</i>	7
2.4. <i>læringsmiljø</i>	7
2.5. <i>trygge overgangar</i>	9
2.6. <i>felles system for lesing</i>	9
3. Resultat	10
3.1. <i>elevundersøkinga</i>	10
3.2. <i>mobbing</i>	11
3.3. <i>nasjonale prøver</i>	12
3.4. <i>sluttresultat grunnskule</i>	15
3.5. <i>skulebidrag</i>	16
3.6. <i>gjennomføring</i>	18
4. Samandrag	19

1. Elevar og lærarar

1.1. Elevar

Tal henta frå GSI pr. 1. oktober 2021, viser at vi då hadde 942 elevar totalt i den offentlege skulen i Herøy. Elevane fordeler seg på skulane slik:

Eining	Tal på elevar
Bergsøy	271
Einedalen	170
Leikanger	41
Moltu	37
Nerlandsøy	78
Stokksund	123
Ytre Herøy ungdomsskule	222

I tillegg kjem Møre skule med 152 elevar, der 110 av dei har bustadadresse i Herøy.

Elevtalstvikling siste 5 år:

2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22
1061	1037	1007	971	942

Elevtalet i herøyskulen har gått sakte nedover siste åra. Det er stort sett noko nedgang i alle krinsar, men størst har det vore i indre del av kommunen. Mykje av denne nedgangen skuldast nok at mange elevar har valt å byrje på Møre skule, då det blir eit naturleg val for dei som bur i området Myrvåg/Dragsund.

1.2. Lærarar

For skuleåret 2021-22 er det tilsett 127 lærarar som til saman utgjer ca. 97 årsverk. I tillegg har vi tilsett 45 assistentar som totalt utgjer ca. 29 årsverk, og ein miljøarbeidar i 40 % stilling.

Lærartettleik

Lærartettleik er definert som forholdet mellom det totale talet på elevtimar og det totale talet på lærartimar, og vert utrekna ved å dele elevtimar på lærartimar. Timar til spesialundervisning og undervisning i særskilt språkopplæring er ikkje rekna med.

I norm for lærartettleik (lærarnorma) er det lærartettleik i ordinær undervisning som blir nytta. Norm for lærartettleik seier at det skal være maksimalt 15 elevar pr. lærar på 1.-4. trinn og maksimalt 20 elevar pr. lærar på 5.-10. trinn. Norm for lærartettleik gjeld berre for offentlege skular. Det er lærartettleik i ordinær undervisning som blir brukt som mål på om norma er oppfylt.

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/larernormkalkulator/larernorm-for-grunnskolen2/>

Tabellen viser tal på elever pr. lærer pr. 1. oktober 2021 (GSI) i ordinær undervisning.

Eining	1. – 4. trinn	5. – 7. trinn	8. – 10. trinn
Bergsøy skule	11,94	20,48	
Einedalen skule	14,72	14,22	
Leikanger skule	11,06	10,08	
Moltu skule	7,02	8,28	
Nerlandsøy skule	17,41	12,09	
Stokksund skule	6,49	7,57	12,93
Ytre Herøy ungdomsskule			14,67

[Statistikkportalen udir.no](https://statistikkportalen.udir.no)

Kommentar: Årsaka til at Nerlandsøy skule ligg 2,41 elevar over norm på 1.- 4. trinn, heng saman med samanslegne klassar på 1.og 2. trinn og 6. og 7. trinn, noko som utløyser lågare lærartettleik. På 1. trinn er det berre 5 elevar, og med spes.ped ressurs i klassa så er der likevel høgare lærardekning enn det som kjem fram i statistikken. Timar til spes.ped vert ikkje rekna med i lærarnorma.

2. Utviklingsområde

2.1. Nasjonale mål

«Skule og vidaregåande opplæring skal ha høg kvalitet og gi den enkelte og samfunnet nødvendige forutsetningar for framtidig velferd, verdiskaping og berekraftig utvikling. Alle elevar skal oppnå grunnleggande dugleikar og oppleve meistring og utfordring.»

<https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/id1408/>

Kunnskapsdepartementet har sett følgjande mål for grunnopplæringa:

- Alle barn skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge, som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikle sitt potensiale.
- Dei tilsette skal ha høg kompetanse.
- Alle skal lukkast i opplæringa og utdanninga si.

2.2. Lokale mål

Læringsmåla i herøyskulen understøttar Kunnskapsdepartementet sine mål for grunnopplæringa. Strategiplanen «Herøyskulen – ein los i leia 2018-2022», forpliktar alle skulane til å arbeide spesielt med dei felles bestemte lokale måla skuleeigar har sett for perioden.

Skuleeigar sine overordna måla er:

- Alle elevar skal ha dei beste føresetnader for å lære i eit trygt og godt læringsmiljø.
- Vi skal trygge overgangane mellom barnehage – skule, mellom 4. – 5. trinn og mellom 7. – 8. trinn og 10. trinn – Vg1.
- Vi skal jobbe for auka lesedugleik for alle elevar.
- Vi skal jobbe for å betre resultatane ved nasjonale prøver, med særleg fokus på lesing i 5. trinn.
- Vi skal styrke heile organisasjonen ved å utvikle eit felles system for språkutvikling, begynnaropplæring og lesing som grunnleggande dugleik for barnehage og grunnskule.
- Auka grad av gjennomføring i vidaregåande skule som resultat av auka kompetanse i grunnskulen.

Skulane sine mål er:

- Alle elevar skal ha høve til å lære og utvikle seg i eit trygt og godt læringsmiljø.
- Sikre og trygge overgangane mellom barnehage og skule og i skulen.
- Sikre tidleg innsats og sette inn tiltak for dei som treng det.
- Styrke og utvikle skulen som lærande fellesskap gjennom arbeid i nettverk i skulen, mellom skular i kommunen og mellom skular i samarbeidskommunane Sande, Ulstein og Herøy.
- Auke leseglede og lesemotivasjonen hos elevane.
- Vere med å utvikle eit felles system for språkutvikling og lesing i grunnskulen.
- Bruke ulike fagtekstar frå 3. trinn – 10. trinn.
- Felles forståing for at alle lærarar skal vere leselærarar.

Som hovudutviklingsområde har herøyskulen hatt lesing sidan hausten 2020, ei satsing som skal vare ut skuleåret 2022 – 23.

2.3. Lesing.

Herøyskulane sitt hovudutviklingsområde i 2021 har vore satsinga på auka kompetanse i lesing. Med bakgrunn i svake resultat i lesing over år i nasjonale prøver for 5. trinn, har vi sett oss mål å utvikle ein god felles struktur for lesing i grunnskulen. Herøy kommune sitt arbeid med å nå dei overordna måla for språkutvikling og lesing er knytt saman med den nasjonale satsinga innan desentralisert kompetanseutvikling (De-komp) i samarbeid med høgskulen i Volda og Lesesenteret i Stavanger. Det lokale arbeidet er eit samarbeid mellom kommunane Sande, Ulstein og Herøy, som alle har språkutvikling og lesing som hovudfokus for perioden 2020 – 2023. Vi er no midtvegs i satsinga, og så langt har vi hatt 6 nettverkssamlingar i kommunen med desse tema:

August 2020: Lesing i alle fag. Leselede. Lesemotivasjon.

November 2020: Kva kjenneteiknar den gode leselearen?

Mars 2021: Den engasjerte lesaren.

September 2021: Tidleg innsats i leseopplæringa.

November 2021: Når vanskar oppstår.

Mars 2022: Engasjerande leseopplæring for ulike type lesarar.

Desse seks samlingane har vore gjennomførte som lærande møte mellom lærarar på ulike trinn. Høgskulen i Volda har laga støttande filmar og utarbeidd førearbeid, oppgåver til samlingane og læringsstøttande oppdrag mellom samlingane. Dei første fire samlingane vart gjennomførte skulevis på grunn av pandemien som framleis påverka sosiale aktivitetar i heile 2021. Berre dei to siste samlingane har vi hatt felles på tvers av alle skulane i kommunen.

I fortsettinga vil det bli jobba med å utvikle kompetanse innan analyse av resultat, tiltak for å stimulere til betre leseutvikling og system for forventa leseutvikling 1. – 10. trinn. Det heile skal munne ut i eit system som er likt for alle skulane i Herøy og ein felles leseplan.

Parallelt med dette arbeidet har barnehagane si eiga satsing innan språkutvikling. I Herøy ser vi at dei to satsingane heng saman, då god språkutvikling i barnehagen gir eit betre grunnlag for god lese- og skriveopplæring i skulen. I tillegg er det viktig å trygge overgangane mellom barnehage – skule, 4. – 5.trinn, 7. – 8. trinn og 10.trinn – Vg1.

2.4. Læringsmiljø

Eit godt læringsmiljø er ein lovfesta, grunnleggjande rett for alle elevar (opplæringslova kap. 9A).

Læringsmiljø er ferskvare og det krev kontinuerleg fokus på klasseleiing, elevmedverknad, undervegsvurderingar og relasjonsbygging. Det kjenneteiknast av eit fysisk og psykososialt miljø som fremjar læring, helse og trivsel. Eit barn må kjenne tryggleik og trivsel for å kunne lære. Då er det naudsynt med ein felles innsats frå heile skulesamfunnet - både tilsette, foreldre og elevar.

Ingen barn kan lære godt om dei kjenner seg utrygge, ekskludert eller ikkje blir sett. Det er ein sterk samanheng mellom sosial tilhøyrslø og det faglege læringsutbyttet i skulen. Arbeidet med å fremje trivsel i skulen er difor ikkje berre viktig for å motverke mobbing, åtferdsproblem og einsemd. Trivsel fremjar også fagleg læring. Kjerneelement i eit godt læringsmiljø er at barna har venner, at det er tillit mellom lærar og elev, og at samarbeidet mellom skule og heim er prega av felles forståing for barnet sitt beste.

Undervisninga og det som skjer i klasserommet er også viktig for læringsmiljøet. Læraren må utvise tydeleg klasseleiing, ha god struktur og uttrykke hensiktsmessige forventningar og tilbakemeldingar til elevane si utvikling. Større fokus på førebyggjande arbeid og inkludering er også ein viktig faktor for eit godt læringsmiljø.

Forsking på området skulemiljø/læringsmiljø, legg stor vekt på skulen og kommunen sine evner til å tenke heilskap og sjå på elevane som ein del av noko større. Det er difor lagt vekt på å satse på elevmedverknad og foreldresamarbeid som sentralt for å bygge trygge læringsmiljø. Relasjonsbygging har lenge vore eit sentralt tema i arbeid med læringsmiljø og ein ser stor betyding av å rette blikket mot relasjonen mellom dei vaksne og elevane. Skulen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Eit raust og støttande læringsmiljø er grunnlaget for ein positiv kultur der elevane vert oppmuntra og stimulert til fagleg og sosial utvikling. Eit systematisk arbeid er avgjerande for å skape eit trygt og godt skulemiljø.

Skulane i Herøy har systematisk kartlegging med relasjonsbygging som fokus, for å sikre gode relasjonar mellom vaksne/elev og elev/elev og for å fange opp elevar som føler seg utanfor.

Læringsmiljø og relasjonsbygging har vore eit tema for skulane i Herøy over fleire år. Dette er eit tema som ein ikkje vert ferdig med, men som skulane må innarbeide som ein naturleg del av sin praksis. Arbeidet med læringsmiljø inneber også arbeidet mot mobbing og krenkingar. Her har det vore gjort mykje arbeid med tema på den einskilde skule og dette arbeidet viser igjen i tala frå Elevundersøkinga.

Herøy kommune har delteke på kompetanseheving i regi av Utdanningsdirektoratet og Læringsmiljøsentret ved UIS på tema læringsmiljø og mobbing. Dette arbeidet har resultert i etablering av «*Beredskapsteam mot mobbing*» (kommunalt) og skulane sitt «*Innsatsteam (SIM) mot mobbing*». I begge desse teama er det personar med god kompetanse og kunnskap om mobbing og om lovverket. SIM-teama arbeider ute på skulane, medan beredskapsteamet bidreg i kompliserte saker.

Det er også gjennomført kurs for assistentar i skulen med tema knytt til læringsmiljø og mobbing, og det har vore tema på samlingar med rektorane. Det vert no arbeidd med ein felles plan for læringsmiljø i skulane, med råd om førebyggjande tiltak, rettleiing og tips til lærarar som står i aktive saker. Denne planen skal være både digital og i papirformat og skal være ein nyttig reiskap for skulen og den einskilde læraren. Tverrfagleg samarbeid og bruk av helsesjukepleiar i skulen, har også bidrege til at fleire vaksne er aktive i høve til elevane sine opplevingar av skulekvardagen.

Det er viktig å tenkje over korleis ein kan førebygge og styrke skulemiljøet og skape ein trygg arena for alle elevane, og ha gode rutinar for korleis læringsmiljøet skal ivaretakast i det dagelege arbeidet. Det kan lett bli slik at ein trur at trygge miljø lagar seg sjølv når vi har gjort det nokre gongar. Men som sagt, eit godt læringsmiljø er ferskvare og må jobbast med kontinuerleg. Det er viktig med kompetanseheving for dei tilsette, og ha mobbing og læringsmiljø som tema på dagsorden i felles møte.

Samarbeid heim – skule er særvesentleg dersom skulen skal lukkast i arbeidet med eit inkluderande læringsmiljø. Skulen treng foreldre som også kan bidra inn i skulen og som kan støtte elevane og skulen i læringsarbeidet. Dette gjeld ikkje minst i arbeidet mot mobbing og utrygge skulemiljø. Det vert arbeidd for å etablere «*Foreldreskule*» i Herøy kommune, som skal bidra inn mot eit betre samarbeid og støtte foreldre i deira rolle og auke kompetansen om skulen sine oppgåver. Dette kan på sikt bidra til betre samarbeid og betre skulemiljø.

2.5. Trygge overgangar

Overgangen mellom barnehage og skule/SFO, og mellom ulike trinn i skulen, kan vere krevjande for barnet. Ein trygg overgang kan vere avgjerande for dei med særskilde opplæringsbehov. Særleg er overgangen frå barnehage til skule viktig. Det er viktig at barnehagen veit kva som blir forventa av eit barn når ein byrjar på skule, og det er viktig at skulen veit kva barnet kan når det kjem frå barnehagen. Det er også viktig at foreldre veit kva som er forventa av barnet på dei ulike nivå, slik at dei kan vere med å støtte barnet og skulen i eit opplæringsløp.

Oppvekst har utarbeidd ein plan for å sikre overgangsrutinane våre. Denne planen var ute på høyring i desember 2021, og gjeld frå 1.1.22. Utviklingsarbeidet innan språk (barnehage) og lesing (skule) og plan for overgangsrutinar skal tydeleggjere kva som er forventa av kompetanse ved dei ulike overgangane. Språkutvikling og lesing heng saman og er grunnleggande for utvikling og læring både sosialt og fagleg i barnehagen og gjennom heile skuleløpet.

2.6. Felles system for lesing

Herøy har hatt eit relativt dårleg resultat i lesing på nasjonale prøver over fleire år, særleg på 5. trinn. Dette resulterte i at administrasjonen fekk i oppdrag frå kommunestyret å lage ein plan for korleis få herøyelevane til å bli betre lesarar. Dette var også ein del av bakgrunnen for at vi har satsa på lesing som utviklingsområde i den nasjonale satsinga på desentralisert kompetanseheving i eit samarbeid med kommunane Sande og Ulstein.

Vi er midtvegs i denne satsinga no, og målet er å få etablert eit system for lesing som skal vere med å sikre at både lærarar, elevar og foreldre kjenner til kva som er forventa normal progresjon innan lesing på dei ulike trinna i grunnskulen. Når vi ser dei svake resultatane på nasjonale prøver på 5. trinn, så betyr det at systemet og forventningane må skjerpast på 1. – 4. trinn. Ein trygg overgang frå barnehage til skule, god begynnarpplæring på 1. og 2. trinn, samt fokus på eit breiare utval tekstar på 3. og 4. trinn håper vi skal gjere elevane meir kompetente på 5. trinn.

På 5. – 10. trinn vil fokus på lesing som grunnleggande dugleik i alle fag vere viktig for utvikling av lesekompetansen til elevane. Alle lærarar har eit ansvar for at elevane blir gode lesarar i deira fag, og bruk av ulike lesestrategiar for å tileigne seg det faglege innhaldet er ein viktig reiskap.


3. Resultat

3.1. Elevundersøkinga

Lokale mål: Auka leseglede og motivasjon for lesing.

Sammenlignet med: Hele landet


Elevundersøkelsen – alle indekser – 10. årstrinn



2021-22, Hele landet, 10. årstrinn, Alle indekser, Offentlig skole, Begge kjønn

Sammenlignet med: Hele landet

Elevundersøkelsen – alle indekser – 7. årstrinn



2021-22, Hele landet, 7. årstrinn, Alle indekser, Offentlig skole, Begge kjønn

Kommentar:

Samla sett har 7. trinn i Herøy gode resultat i Elevundersøkinga, samanlikna med landet elles. Elevane trivst på skulen og føler dei meistrar faga godt. Dei har god støtte frå lærarane og heimen og får god vurdering undervegs. Vi har forbedringspotensiale når det kjem til elevmedverknad og motivasjon. Dei to indeksane kan henge saman med den undervisninga som skjer i klasseromet. Det er viktig at undervisninga er variert og tilpassa alle elevar. Dette er også noko som blir naturleg å ta med når vi no er i gang med å bygge nye system for overgangar og lesing, samt i revisjon av strategiplanen «Herøyskulen – ein los i leia» som skal gjelde frå 2022 -2026.

3.2. Mobbing

Lokale mål: Herøy kommune har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulane skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.

Mobbing på skolen – alle indekser – 7. årstrinn

NavnAlt1	Herøy (Møre og Romsdal) kommune	Hele landet
Mobbing på skolen (prosent)	0,0%	7,9%
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent)	0,0%	6,6%
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent) *		3,3%
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent)	0,0%	1,1%

Mobbing på skolen – alle indekser – 10. årstrinn

NavnAlt1	Herøy (Møre og Romsdal) kommune	Hele landet
Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent)	0,0%	2,2%
Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent)	0,0%	2,2%
Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent) *		4,1%
Mobbing på skolen (prosent)		5,6%

Kommentar:

Vi er svært fornøgdde med det gode resultatet som måler tilfelle av hendingar relatert til mobbing og trakassering i skulen. Det er berre i mindre grad registrert hendingar som kunne ha utvikla seg dersom dei ikkje vart tekne hand om. Det har vore jobba mykje og godt med tiltak knytt til førebyggjande arbeid i skule- og elevmiljøet. Vi håper og trur at dette er resultat knytt til arbeidet som er gjort med og i læringsmiljøet, omtalt i pkt. 3.4.

Sjølv om vi i liten grad har registrert mobbing og krenking i elevundersøkinga, veit vi at dette er «ferskvare» som kan endre seg frå dag til dag. Alle skular arbeider ut frå at vi veit at situasjonar kan oppstå der menneske er ilag. Skulane må kontinuerleg monitorere elevmiljøet, gripe inn og setje inn tiltak for å forhindre at slikt skjer. Les meir om elevundersøkinga på udir.no

3.3. Nasjonale prøver

Dei nasjonale prøvene blir gjennomførte på 5., 8. og 9. trinn, og gir informasjon om elevane sine grunnleggande dugleikar på alle nivå og i alle fag. Prøvene er elektroniske, og dei består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål. Det er både lette og vanskelege oppgåver, og oppgåver på tvers av fag. Prøvene har også nokre svært vanskelege oppgåver som dei aller sterkaste kan bryne seg på. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal. På fleirvalsoppgåver skal elevane velje eitt av fleire svaralternativ. Det er veldig få elevar som får alt rett på prøva, somme får ingen rette. På prøvene i lesing skal elevane kunne:

1. å finne informasjon
2. å tolke og forstå
3. å reflektere over og vurdere form og innhald i teksta

Utvalet av tekster som inngår i prøvene, er basert på det tekstmangfaldet som er forventa at elevane er vane med. Når elevane våre scorar lågt, er det eit signal om at dei har svak måloppnåing i forhold til dei tre kriteria sett i forhold til det som er forventa av dei.


Lokale mål for 5. trinn: Dei overordna måla for nasjonale prøver er at kommunen sitt samla resultat skal ligge på det nasjonale snittet som er:

Indeks	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
Engelsk:	24,9%	45,6%	29,6%
Lesing:	22,7%	56%	22,1%
Regning:	23,1%	51,4%	25,5%

Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal))

Mestringsnivåer – alle prøvetyper – 5. årstrinn

Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal))



2021-22, Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal)), 5. årstrinn, Alle prøvetyper, Offentlig skole, Begge kjønn

Kommentar:


Mange elevar på 5. trinn gjer det ganske bra i engelsk og rekning, og snittet for kommunen ligg ikkje langt unna det nasjonale snittet. Særleg gjeld det i engelsk. Det er særleg gutane som dreg snittet opp i engelsk, medan det er meir blanda i rekning. Når det gjeld resultatet i lesing, så er det for svakt. Nasjonale prøver i lesing på 5. trinn har vore svakt over mange år. Deler vi inn resultatet etter gutar og jenter, så ser vi at jentene har eit klart betre resultat enn gutane. Dette må vi sjå i samanheng med kva tekstar våre elevar er introduserte for og vane med å jobbe med på 1.-4. trinn. I det totale bildet må vi vurdere om elevane får varierte nok tekstar, tekstar som motiverer begge kjønn og alle type lesarar, og om det er grunnlag for meir tilpassa leseopplæring. Dette er vurderingar som vi no også tek med oss i det nye systemet som vi arbeider med.

Lokale mål for 8. trinn: Dei overordna måla for nasjonale prøver er at kommunen sitt samla resultat skal ligge på det nasjonale snittet som er:

Indeks	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Engelsk:	8,1%	17,8%	42,8%	20,9%	10,4%
Lesing:	9,9%	17,3%	41,4%	21,7%	9,7%
Rekning:	8,5%	22,5%	38,5%	20,8%	9,7%

Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal))**Mestringsnivåer – alle prøvetypar – 8. årstrinn**

Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal))



2021-22, Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal)), 8. årstrinn, Alle prøvetypar, Offentlig skole, Begge kjønn

Kommentar:

Vi kan sjå mykje av den same trenden i resultatet for 8. trinn i engelsk og rekning som har på 5. trinn. Vi har eit betre resultat samla sett på 8. trinn, men er likevel eit stykke frå det nasjonale resultatet på nivå 4 og 5, som er dei høgaste nivåa. Det er gledeleg å sjå at vi har færre elevar på nivå 1 og 2 sett i høve til 5. trinn, men vi har for mange elevar som ligg på nivå 3. Det er viktig å finne dei elevane som som er på dette nivået, kva type tekst dei strevar med og øve på dei tekstane. Resultatet i 8. trinn

måler det elevane har lært på 5. – 7. trinn i barneskulen, så resultatet må og blir drøfta med barneskulen slik at læringsfrmjande tiltak blir sette inn på mellomtrinna.


Lokale mål for 9. trinn: Dei overordna måla for nasjonale prøver er at kommunen sitt samla resultat skal ligge på det nasjonale snittet som er:

Indeks	Nivå 1	Nivå 1	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
Lesing:	6,5%	11,7%	35,1%	27,3%	19,3%
Rekning:	5,1%	15,4%	34,7%	26,5%	18,3%

Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal))

Mestringsnivåer – alle prøvetyper – 9. årstrinn

Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal))



2021-22, Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal)), 9. årstrinn, Alle prøvetyper, Offentlig skole, Begge kjønn

Kommentar:


Resultatet i nasjonale prøver på 9. trinn måler kva elevane har fått med seg etter at dei byrja på ungdomsskulen. Vi ser alltid ein framgang hos elevane når dei kjem til 9. trinn. Dette trur vi har samanheng med ei rekkje faktorar som t.d. modning, større læringstrykk, meir prøver, måling med karakterar og tydelege forventningar til elevane.

Dersom vi ser på resultatet for eit spesifikt trinn frå dei er 5.klassingar og fram til dei går ut av grunnskulen, kan vi sjå at resultatet heng ved dei heile grunnskuletida. Difor trur vi at med å auke læringstrykket på 1.-4. trinn, kan vere med å auke kompetansen til elevane i ungdomsskulen og ha ei positiv effekt på gjennomføring i vidaregåande skule. Les meir im nasjonale prøver på udir.no

3.4. Sluttresultat grunnskule

Lokale mål: Vi måler grunnskulepoenga opp mot det nasjonale nivået, og har som mål å ligge på det nasjonale snittet.

Grunnskulepoeng:	2016	2017	2018	2019	2020	2021
10. trinn snitt	39,1	41,6	40,6	41,1	43,3	41,8
Gutar	36,6	37,6	39,4	39,2	41,4	39,7
Jenter	41,8	41,4	41,7	41,9	43,1	43,2
Nasjonalt snitt	41,1	41,4	41,7	41	43,1	43,2



Kommentar:

Herøy har ei jamn og svakt stigande kurve som går over fleire år. Det er stor forskjell på grunnskulepoenga til jentene og gutane. Medan jentene ligg på og litt over snitt nasjon, så ligg gutane ca. ein halv karakter under i snitt jamt over.

I 2020 og 2021 så var eksamen avlyst på grunn av pandemien. Grunnskulepoenga for desse to åra er difor utrekna berre på grunnlag av standpunktkarakterar. Dette gjeld for heile landet.

Les meir om grunnskulepoeng på udir.no

3.5. Skulebidrag

Skulebidragsindikatorane viser det resultatet ein skule ville ha fått dersom deira elevgrunnlag var gjennomsnittleg med landet (med tanke på dei kjenneteikna som er inkludert i berekninga). Skulebidrag kan difor brukast til å samanlikne skular som har ulik elevsamansetting med tilsvarande på nasjonalt nivå. For å kunne måle skulen sitt bidrag, må vi skilje ut den delen av læringsresultata som skuldast føresetnader som elevane har med seg, som t.d. foreldrebakgrunn (foreldra sitt utdanningsnivå, husholdningsinntekt) og elevane sin innvandringsbakgrunn.

Det er forskjell i elevgrunnlaget mellom skular i landet. Nokre skular har for eksempel mange elevar med høgt utdanna foreldre, medan andre skular har mange elevar med lågt utdanna foreldre eller mange elevar med innvandrarbakgrunn. Dette har betydning for skulane sine resultat. Skular med mange elevar med høgt utdanna foreldre har i snitt betre resultat enn skular med få elevar med høgt utdanna foreldre. Ei lang rekke studiar frå ulike land og tidsperiodar har vist at familiebakgrunn, som til dømes foreldre si utdanning, har betydning for kor godt elevane gjer det på skulen.

Skulane kan ikkje velje dei elevane dei vil. Ei samanlikning av skulane sine resultat på nasjonale prøver eller eksamen gir informasjon om elevane sin kompetanse på dei områda som prøvene måler, men gir ikkje informasjon om kor mykje den enkelte skule har bidrege til resultatata. Det er mange forhold skulen ikkje rår over, og resultatet må difor sjåast i samanheng med annan kunnskap skulen sit på, fagleg og sosialt, om elevane og deira familiebakgrunn. Sjølv om ein skule har svake resultat, treng det ikkje å bety at skulen har bidrege lite til elevane si læring.

Det er viktig å ta omsyn til usikkerheita ved tolking av resultatata. Ein negativ verdi på skulebidraget betyr ikkje at elevane ikkje har progresjon i løpet av 1.-4. trinn, eller at skulen ikkje har bidrege positivt til elevane si læring. Ein negativ verdi indikerer berre at elevane på skulen har hatt lågare progresjon enn andre elevar i landet med tilsvarande føresetnader.

Døme:

Usikkerheit øvre grense 0,7 (beste resultat)


Usikkerheit nedre grense -1,5 (dårlegaste resultat)

Snitt: $(0,7 - 1,5) : 2 = -0,4$


Nasjonalt snitt ligg alltid på 0.

[Du kan lese meir om skulebidragsindikatorar på udir.no](#)


Skulebidrag 1.-4. trinn:



Skulebidrag 5. – 7. trinn:



Skulebidrag 8.-10. trinn



På grunn av pandemien vart eksamen avlyst både i 2020 og i 2021. Denne rapporten viser difor ikkje skulebidrag for 8.-10. trinn for dei to siste skuleåra 2019-20 og 2020-21.

3.6. Gjennomføring

Stadig flere gjennomfører vidaregåande opplæring. 78,1 % av elevane (nasjonalt) som starta på Vg1 hausten 2013 har fullført og bestått vidaregåande opplæring. For Møre og Romsdal var talet 79,1 %. For dei som starta på Vg1 i 2014, er dei same tala anslagsvis 79,6 % og 80,5 %. Dette er den høgaste andelen sidan målingane starta for 19 år sidan. Utviklinga skuldast blant anna betre progresjon mellom trinn og at fleire får læreplass. Framleis er gjennomføringa høgare på studieførebuande enn på yrkesfag. Det heng blant anna saman med at elevar som vel studieførebuande, i snitt har betre resultat frå grunnskulen enn dei som vel yrkesfag. Det er også store skilnader mellom utdanningsprogramma på yrkesfag.

	Elevar som starta i vgs i 2013	Elevar som starta i vgs i 2014:
Nasjonalt	78,1 %	79,6 %
Møre og Romsdal	79,1 %	80,5 %

Resultat på nasjonale prøver og grunnskulepoeng har stor betydning for gjennomføring av vidaregåande opplæring, og kan vere ein peikepinn på kven som ikkje kjem til å gjennomføre vidaregåande opplæring. Resultata frå grunnskulen kan og henge saman med familiebakgrunn, ved at elevar som har foreldre med høgare utdanning i snitt får betre karakterar i grunnskulen enn elevar med foreldre uten høgare utdanning.

Ein rapport publisert av SSB i september 2020 belyser mange påverkande faktorar som påverkar gjennomføringsprosenten i vidaregåande opplæring. <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/grunnskoleresultaters-betydning-for-gjennomforing-av-videregaende-opplaering>

Vi veit også at nivået elevane er på i 5. trinn vil påverke kompetansegrada deira seinare i skuletida. Sidan lesing er avgjerande for å tileigne seg kunnskap i alle fag, ser vi det som svært viktig at elevane blir gode lesarar tidleg. Det er også viktig å gjere lesinga interessant og motiverande for alle type lesarar. Mange av dei som ikkje greier å gjennomføre vidaregåande opplæring, hadde svake resultat på nasjonale prøver på 5. trinn. Det er difor viktig å fange opp dei svakaste elevane tidleg i skuleløpet, og all kartlegging frå 1. trinn av er viktig å analysere med tanke på å sette inn tidlege tiltak for dei som treng det.

[Les meir om gjennomføring på udir.no](https://www.udir.no)

4. Samandrag

Strategidokumentet «Herøyskulen – ein los i leia» 2018 – 2022, er eit overordna dokument for skuleutvikling i Herøy. Dokumentet kom første gang ut i 2015 og vart revidert i 2018 og gjeld no ut 2022. Det inneheld felles visjonar og grunnprinsipp for skulane i Herøy, pedagogiske satsingsmål, fokus på godt elevmiljø og døme på faktorar som støttar læring. Skulane sine utviklingsmål i arbeidet mot meir læring, tek utgangspunkt i dei felles overordna måla i strategidokumentet.

Kvalitetsmeldinga for 2021 er ein rapport som omhandlar ei oversikt over det arbeidet som er gjort i skulane knytt til utviklingsmåla i strategidokumentet. I hovudsak vil det dreie seg om læringsmiljø og læringsresultat særleg knytt til lesing og grunnlag for gjennomføring i vidaregåande skule. Rapporten er eit sentralt element i høve det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for grunnskulen. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs. kommunestyret. Det som omhandlar resultat og tabellar i rapporten er utarbeidd med bakgrunn i viktige opplysningar og fakta henta frå udir.no.

Sektor kultur og oppvekst arbeider målretta på alle nivå, med godt samarbeid internt på den enkelte skule og mellom skular, både på leiar- og lærarnivå. I delar av 2021 gjekk samhandlinga noko digitalt pga. pandemien, men ein har stort sett klart å halde fysiske møte mellom rektorane og i lærarnettverk innafor dei smittevernreglane som har vore gjeldande til ei kvar tid.

Ein har dei siste åra sett eit aukande tal på ungdomar som slit psykisk av ulike årsaker. Skulane gjer så godt dei kan med førebyggjande arbeid, som t.d. MOT, relasjonsbygging, aktive elevråd, aktivitetstakter i friminutta, «Psykologisk førstehjelp» og «Mitt val» og tverrfaglege team/ressursteam.

Foreldra er viktige medspelarar i læringsarbeidet. Det er nødvendig at foreldre er bevisste på rolla dei har i arbeidet med danning av barn og unge.

Fagleg kunnskap er viktig og vil alltid ha eit sterkt fokus. Men det er også viktig å understreke at kunnskapen som vert framstilt i tal og tabellar, berre er ein del av den kompetansen ein legg vekt på at elevane skal tileigne seg. Dei skal også tileigne seg mykje kunnskap som vanskeleg kan målast. Dette ser vi igjen på scener rundt omkring. Trygge og dyktige elevar, innan musikk, dans, drama – og ikkje minst god samhandling og gode relasjonar. Kulturskulen i Herøy fostrar mange talent som vi har glede av å fylgje i utviklinga. For samfunnet er det nødvendig med både teoretikarar og dei som kan handtere eit praktisk arbeid. I formålsparagrafen i opplæringslova står det at ein skal bygge kompetanse for livet gjennom utdanning og danning. Dette finn ein også igjen i strategien for Herøyskulen.

I Herøy har vi også eit aktivt ungdomsråd. Mange av dei som sit i ungdomsrådet har starta si «karriere» i ungdomsskulen og «Ungdom med MOT», som arbeider førebyggjande med å motvirke samfunnsutfordringar som mobbing, utanforskap og psykiske vansker. Ungdomsrådet er aktive og har representantar i fleire prosjektgrupper som arrangerer alt frå sommar-camp, førjulball for psykisk utviklingshemma til UKM, samt dei er med og markerer dagen for psykisk helse. I 2021 var Herøy ungdomsråd kåra til det beste ungdomsrådet i Møre og Romsdal.

I formålsparagrafen til opplæringslova heiter det:

«Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einkilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.»

[\(Opplæringsloven § 1-1\)](#)